

9. mars 2021

Varsel om oppstart av reguleringsplan for veg til Grannaroi og Nystøyl, del av gnr 104 bnr 2 og 3 – Tokke kommune

I tråd med lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008, § 12-8 blir det på vegene av grunneigar med dette varsle om oppstart av arbeid med detaljregulering av veg til støylene Grannaroi og Nystøyl samt ei ny hyttetomt på del av gnr 104 bnr 2 og 3 i Tokke kommune. PLANID: 20210001

Planområdet ligg i vestre enden av Botndalsvatn sør for vassdraget i Tokke kommune og er vist på vedlagt kartutsnitt med avgrensning. Planområdet er i kommuneplanens arealdel 2005-2017, vedtatt 13.09.2005, lagt til byggjeområde for fritidsbustader og helt i vest kjem ein inn i LNF område. I Heiplanen ligger arealet i bygdeutviklingssone.

Målet med planen er å regulere veg til støylene Grannaroi og Nystøyl for å lette tilkomst til desse. Begge støylene har stort vedlikehalds behov og grunneigar ynskjer å sette desse i stand. Det er og ynskje om å sette opp ei ny hytte med dagens standard. Vegen vil og kunne nyttast av nabobar i samband med ettersyn og sinking av beitedyr. Langs vegtraseen vil ein sjå om det finnast moglegheiter for å finne masser lokalt som kan nyttast til vegbygginga.

Planarbeidet vil følge dei føresegner og retningslinjer som går fram av gjeldande kommuneplanens arealdel for Tokke kommune. AT skog as har hatt oppstartsmøte med Tokke kommune i forkant av arbeidet, og har fått klarsignal om å varsle oppstart av planarbeidet. Oppstartsmøte vart gjennomført 12.02.2021.

Planarbeidet vil starte opp omgående. Forslag til detaljplan er tenkt oversendt kommunen for behandling sommar 2021.


Vi ønsker at dei som har interesser i området og meningar om kva som er viktig å ta omsyn til, gjer innspel om dette. Kommentarar/ merknader til planarbeidet skal sendes skriftleg til **AT- skog AS, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal** eller på e-post mg@atskog.no innen 23.04.2021

Nærmore opplysningar kan ein få ved å kontakte Mona Gundersen på tlf 957 94 342.

Beste hilsen
for AT Skog AS

Mona Gundersen

Vedlegg: Kartutsnitt med planavgrensning



Rødt område er reguleringsplanområdet.